



Notat

Saknr.

AHE 10/403 - 2

Arkivkode

421,

Dato

16.11.2010

Administrasjonsutvalet-002/10 Vedtak:

Framlegg til revidert reglement for stillingsbank og omstillingsarbeid datert 16.11.2010 vert vedteke.

STILLINGSBANK OG OMSTILLINGSARBEID REGLEMENT

1 OMFANG OG VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for omplassering av tilsette i Jølster kommune.

2 RÅMER FOR OMSTILLINGSARBEIDET

Omstillingsarbeidet skal skje innanfor rāmene av aktuelt lov-, avtale-, og regelverk.

3 OMSTILLINGSUTVAL - REPRESENTASJON

Omstillingsutvalet i Jølster kommune er samansett slik:

Medlem	Tal
Rådmannen	1
Rådgjeverar	for tida 3
Økonomi- og personaleiar	1
Tillitsvalde	2
Hovudverneombod	1

Rådmannen er leiar for utvalet.

4 OMSTILLINGSUTVAL – OPPGÅVER

Omstillingsutvalet er styre for stillingsbanken i Jølster kommune. Utvalet er også drøftingsorgan i samband med avtala om Inkluderande Arbeidsliv.

5 STILLINGSBANK

Ved nedbemanning vert det teke i bruk stillingsbank. Arbeidstakarar som vert overtallige på sin arbeidsplass vert overført til stillingsbanken. Desse arbeidstakarane har førerrett til faste og mellombelse stillingar som dei er kvalifiserte for.

Stillingsbanken gjeld også tilsette som treng omplassering av helsemessige årsaker.

Stillingsbanken skal til ei kvar tid ha oversyn over kva stillingar/personar som er aktuelle for omplassering og kva kompetanse desse har. Det skal også vere oversyn over kva stillingar som til ei kvar tid er ledige og kva kompetansekrav som gjeld.

Tilsette som etter vurdering er plassert i stillingsbank har plikt til å ta mot faste eller mellombelse stillingar innan eigna arbeidsområde. Ved å ikkje ta mot slikt tilbod vil vedkomande stillingsinnehavar sitt stillingsvern bli redusert og grunnlag for sakleg oppseiing vil vere til stades.

6 INFORMASJON

Alle som vert råka av omplassering skal vere godt informerte om arbeidsprosessen. Viktig informasjon til einskildarbeidstakarar skal gjevast av leiar for vedkomande si eining.

7 UTFYLLANDE RETNINGSLINER

Omstillingsutvalet har høve til å utarbeide utfyllande retningsliner for arbeidet med omstilling. Utvalet kan legge fram prinsipielle spørsmål for avklaring i administrasjonsutvalet.

8 VERKNADSTIDSPUNKT

Reglementet gjeld frå og med 1. januar 2011.